



Ottar Befring er president i Norges Forsvarsforening

# Lokalforeningane og medlemmene

I mine samtaler med myndighetene opplever eg at dei blir imponert over dei mange lokalforeningane vi har i Norges Forsvarsforening, og at vi dekkjer heile landet. Då må eg sjølv sagt seie at ikkje alle er like aktive. Likeins spør dei etter medlemstalet. Mange trur at vi er ein militær forening. Då kan det vere på sin plass å vise til at vi er ein sivil, ideell forening som arbeider for å halde forsvarsviljen levande i det norske folk, og for at vi skal ha eit Forsvar som er krigsavgangende. Vi er ein landsomfattande organisasjon med medlemmer i heile landet. Det betyr at vi har mulegheit for stor påverknad på dei som tek avgjerd om framtida for vårt militære Forsvar. Alle har ein stortingsrepresentant som dei kjenner i sitt fylke. No er tida inne for å bruke den demokratiske retten vi alle har til å snakke med vår folkevalde talsperson, eller skal vi seie vår ombudsvalde representant. Gjer det no for i desse dagar blir Forsvaret drøfta i alle partigrupper på Stortinget. I Regjeringa, nærare bestemt i Forsvarsdepartementet blir Langtidsproposisjonen for Forsvaret (2009 til 2011) utforma. Den blir presentert i månadsskifte mars/april, og skal behandlast i Stortinget midt i juni.

Norges Forsvarsforening er klare i sitt standpunkt. Norge må i denne perioden ha som mål å bruke 2 prosent av BNP på Forsvaret kvart år. Det er nødvendig fordi Forsvarets kjøpekraft er halvert sidan 1990, då vi brukte om lag 3 prosent av BNP. Dette året brukar om lag 1,5% av BNP. Slik kan det ikkje fortsette. Vi må snu trenden og arbeide for eit styrka forsvar, slik det forsvarspolitiske utvalet går inn for.

Sjølv om alt synes fredeleg i våre nærrområder i dag, ser vi at store maktendringar er på veg både økonomisk, politisk og militært. Forsvarspolitisk utvalg nemner stormaktsrivalisering som eit teikt i tida. Slike epokar er nesten aldri fredelege. Då er det viktig å vere synlege militært, og ikkje skape usikkerheit om vår vilje og evne til å forsvare våre interesser. Vi må hugse at det viktigaste er å verne om freden, og

vår viktigaste grunn til å ha eit militært forsvar er nettopp å unngå krig. Forsvarssak er fredssak!

Hæren er i Forsvassjefens forslag redusert til bataljonsgrupper med verva soldatar, tydeleg mynta på å ivareta våre internasjonale oppgåver. Det er vel og bra, men ikkje nok til å vere til stades og halde ut nasjonalt. Vi må snarast styrke Hæren slik at vi får minst 2 mobiliserbare brigadeforband som blir jamnleg øvd, og som i ein gitt situasjon kan øvast opp til ein høgare standard. Ein tilsvarende styrke under opplæring vil bidra til at kompetanse og kunnskap blir ivaretatt på ein tryggande måte, og vil vere ein nødvendig rekrutteringsbase for risikofylte operasjonar utanlands. Hæren må aukast vesentleg og vere utsyrt i samsvarende med dei pålagde oppgåver. Då må vi kunne godta spesialkompetanse på berre dei som er tiltenkt risikofylte utanlandsoperasjonar.

Sjøforsvaret har ei formidabel oppgåve i høve til våre ambisjonar om forvaltning av havområda. Kystvakta med moderne farty er ein vesentleg føresetnad for dette, og synes å ha fått sin rettmessige plass i Sjøforsvarets struktur. Spørsmålet er om Sjøforsvaret elles har nok kapasitet til å vere synlege og kunne handtere kriser i våre interesseområder? Eg vil som NFF tidlegare har hevda peike på ubåtar som ein avgjerande krisehenderingsressurs. Med sitt blotte nærver kan ein ubåt skape maktbalanse ved å binde opp store marinestyrkar. Strategisk er moderne ubåtar overlegne alle andre farty, og eg meiner at Norge som eit lite land, må ha som første prioritet å fornye vårt ubåtvåpen, og helst auke talet til 9 ubåtar.

Dei nye fregattane er og viktige i det framtidige Sjøforsvaret. For heile Sjøforsvaret gjeld det at dei må sikrast utrustning og bemanning slik at innkjøpte farty kan segle!

Luftforsvaret med oppdaterte F 16 og kompetente medarbeidarar har truleg aldri vore betre, men vi må i nær framtid skaffe nye fly. Jagarfly er kjernen i vårt moderne luftforsvar, og

er ein avgjerande ressurs for alle andre militære operasjonar. Det er gledeleg at nye transportfly er på veg inn, og vi ser at nye overvaksingsfly må kome i nær framtid. Det er brei semje om at Norge må ha sitt eige jagarflyvåpen og kjøp av nye kampfly vil setje sitt preg på budsjettet i mange år framover. Det kan her vere på sin plass å vise til at Norge har fått igjen om lag to gonger det F 16 kosta i innkjøp gjennom gjenkjøp og teknologioverføring. Norge bør difor vurdere ein eigen finansieringsmodell for dette prosjektet til beste for norsk industri- og teknologitviking!

Heimevernet er på eit minimum og eg kan vanskeleg sjå at styresmaktene vil akseptere ytterlegare reduksjonar. Det vil seie at vi må ha minst 50.000 HVsoldatar, og der nokre har spesialkompetanse

Vel har vi eit kvalitatvt godt Forsvar, men det er for lite. Det fører igjen til at behovet for vernepliktige soldatar blir redusert og sjølv limet mellom folk og forsvar blir svekka. NFF slår ring om verneplktssystemet som ein grunnføresetnad for vårt militære forsvar. Det dannar og den beste basen for utvelgning til verva styrkar. Likeins bør verneplikta vere lik for kvinner og menn.

Eg går ikkje meir inn på kva som bør vere vår budskap, men til slutt minne om at Stortinget ikkje må pluse på nytt matriell og nye strukturar utan at dei samtidig syter for finansiering!

Eg veit at mange er opptekne av lokalisering og det har eg forståing for. Det er likevel slik at får vi totalen på plass og viss Forsvaret får 2% av BNP, vil vi få eit stort nok, robust nok, moderne nok og eit så synleg forsvar at det verkar krigsavgangende. Det er det viktigaste og hugs: Forvarssak er fredssak!

Lukke til med å påverke gjennom samtaler, verving av nye medlemmer, avisinnlegg og ikkje minst; ved å kontakte din stortingsrepresentant!